

Nordfjord Golfklubb

Generelle turneringsvilkår 2016

For alle turneringar gjeld:

- Golfreglane og reglar for etikette
- Handicapbestemmelsane til NGF
- Reglar for amatørstatus
- NIFs bestemmingar om doping §12
- NIFs straffebestemmelsar §11
- NIFs bestemmelsar om barneidrett

1. Turneringsleiing

Sportskomiteen utpeikar ei ansvarlig turneringsleiing med turneringsleiar til kvar turnering.

Turneringsleiaren avgjer alle tvilsspørsmål og tvistar om bruk av golfreglane og lokale reglar.

2. Påmelding

Påmelding til turneringar skjer på Golfbox, innan kl. 2000, 2 dagar før turneringa. Turneringsleiinga kan gjere unntak for seinare påmeldte. Ved påmelding skal alltid namn, klasse og desimalhandikap oppgjevast. Gjestespelarar skal og oppgje heimeklubb.

3. Startkontigent

Junior: kr. 100,-
Andre: kr. 200,-

4. Avbod

Avbod til turneringar skal rettast til ansvarlig turneringsleiar, seinast 1 time før turneringsstart. Det kan føre til reaksjonar å ikkje stille til start utan gyldig grunn.

5. Avlysing

Gjennomføring av ei turnering krev minst 10 deltakarar. Turnering kan og avlysast dersom banetilhøva er slik at spel, vurdert av turneringsleiinga, ikkje er mulig, eller at verforholda er slik at turneringsavvikling ikkje er forsvarlig. (td. torever)

6. Klasseinndeling

Turneringane vert avvikla med følgjande klasseinndeling:

Kl. 1: Hcp 00,0 – 25,0

Kl. 2: Hcp 25,1 – 36

I ei turnering med færre enn 6 deltakarar i ei klasse, **kan** den bli slått saman med ei anna klasse. Dette bestemmer turneringsleiar i den enkelte turneringa.

Spelarens hcp ved påmelding er avgjerande for kva klasse spelaren blir plassert i. Er spelaren sitt hcp endra frå påmelding til turnerings start, vil spelaren bli satt i korrekt klasse. Spelaren skal i turneringa spele på sitt endra hcp.

Ballane skal i utgangspunktet settast saman med spelarar med forskjellig hcp. Dette vert gjort av turneringsleiinga.

Dersom ikkje anna er bestemt spelar Herrar/gutar med etablert hcp frå gul tee. Spelarar med klubbhcp over 36 og damer/jenter spelar frå raud tee.

7. Øving på bana

På turneringsdagen er spel på bana før start forbudt. Det vil være høve til å trene på putting og chipping på hol 9. All trening på hol 9 og drivingrange skal vere avslutta 30 min. før start. Brot vil medføre diskvalifikasjon, jfr. Regel 7 – 1.b.

8. Oppmøte

Spelaren må registrere seg seinast 45 minutt før start. Startkontigent skal betalast ved registrering.

Ved registrering i alle turneringar, skal gyldig Golfkort framvisast. Greengaffel og golfreglane skal alltid vere med.

9. Opprop

15 minutt før start.

10. Avgjersler ved like resultat.

- a) I slagspel: Dersom to eller fleire deler fyrsteplassen, skal det spelast omspel på hol 9 til ein vinnar er kåra. Dette gjeld berre fyrsteplassen.
- b) Dersom to eller fleire står likt i ein stableford konkurranse, skal spelar med lavast **spelehandicap** gå føre.

11. Scorekort, resultat, premiering

Spelaren har ansvar for å avklare eventuelle spørsmål med turneringsleiar, og at scorekortet er korrekt utfylt og signert før det blir levert inn. Spelaren syt føre at Golfkortet blir oppdatert. Resultatliste skal offentleggjerast med oppslag, og på klubben si heimeside. Beste 3-del i kvar klasse skal premierast.

Klubbmeisterskapet: Det blir kåra klubbmeister i følgjande klassar:

- herrar 19-54
- damer 19-49
- junior, herrar 12-18
- junior, damer 12-18
- senior, herrar + 50
- senior, damer + 50